



... med auge for framtid!

Hardanger  
Ungdomsråd



bygd av Vossingar

## Møtebok Hardanger og Voss Ungdomsråd (HU) 23.04.25 Eidfjord

### Tilstades representantar

Kvam herad	Ungdomsrådsleiar Hallvard Valland
Kvam herad	Ungdomsrådsnestleiar Alexander Nitter-leiar
Ullenvang kommune	Ungdomsrådsleiar Najma Abdi Jama-digitalt
Ullenvang kommune	Ungdomsrådsnestleiar Isak Bayati -digitalt
Ulvik herad	Ungdomsrådsmedlem Mohammed Alhamid
Ulvik herad	Ungdomsrådsmedlem Mads Bakkan Ådland
Eidfjord kommune	Ungdomsrådsnestleiar Eivind Bu

### Ikkje tilstades representantar

Eidfjord kommune	Ungdomsrådsleiar Anders Myklatun Hole
Voss herad	Ungdomsrådsleiar Håkon Skjoldli-nestleiar
Voss herad	Ungdomsrådsnestleiar Øyunn Finne Marø

### Kontaktpersonar

Eidfjord kommune	Timo Knoch Ordførar og Rådsordførar i Hardanger
Kvam herad	Johanne Neteland
Ulvik herad	Tor Schei Hellesnes
Voss herad	Eivind Lorentsen Djønne-digitalt
Hardangerrådet iks	Trude Lægreid Rinaldo

### SAKLISTE:

#### HU-sak 11/25

#### Evaluering Opplæringskonferansen 2025 i Kvam

Kort oppsummert så er ungdomsrådsrepresentantane veldig godt fornøgde med Opplæringskonferansen 2025 og ville ikkje gjort noko annaleis.

#### HU-sak 12/25

#### Dei 3 viktigste sakene å arbeida vidare med

##### 1. Busstilbodet i Hardanger og Voss for ungdomar

Hardanger og Voss ungdomsråd tek denne saka vidare og vil be om å få møte med Skyss. Dette krev førebuing i kvart råd, som vert bedne om å diskutera grundig og koma opp med forslag til neste møte i HU.

Merk at Skyss har vore tydelege på at det ikkje er aktuelt med nye ruter. Det handlar eventuelt om å flytta på eksisterande ruter og tilpassa tidene.

Men det kan vera lurt å søkja om LTU-midlar(lokaltransport for ungdom) frå fylket, som kan gå til konkrete turar etter behov, f.eks "taxitilbud" for å koma seg heim etter fritidsklubb i sentrum. Dei har vist at dei er ganske fleksible.

Ei politisk sak kan vera å arbeida for å auka potten til LTU.

[Her finn de informasjon om LTU](#)

Leiar Hu og sekretær drøftar forslag til uttale.

## **2. Vegsikring og samferdsel**

Kva kan ungdomane gjera for å få betre vegar?

Korleis?

Feks Håkon Skjoldli, nestleiar i HU/Leiar i Voss ungdomsråd, deltok på vegkonferansen K5 denne dagen. Det er ein god måte å skaffa seg kunnskap på.

Rådet syns at dei skal arbeida for å få betre vedlikehald av vegnettet i regionen vår.

Kva svar får ein om spørsmålet er: Kan me reisa trygt på vegnettet i Hardanger?

*Nesten alle våre vegar er meir eller mindre rasutsatt. Alle politikarar er opptekne av samferdsel og gjer det dei kan for å påverka.*

Veg og samferdsel er viktig, ungdomsrådet vil vera med å arbeida for trygge vegar.

Viktigt at alle i regionen samlar seg om prioriteringar.

HU vil skriva ein uttale til Hardangerrådet for å setja samferdsel på dagsorden.

Ulvik sender inn forslag til fylkeskommunen om trafikksikringstiltak.

Kanskje HU også skulle det? [Her finn du informasjon og skjema](#)

## **3. Mensprodukt**

Dette er gratis og tilgjengeleg på alle vidaregåande skular. Ungdomsrådet vil arbeida for at også dette skal vera tilbuddt på alle ungdomskular. I Hardanger og Voss har nokon skular det allerede med god funksjon, nokon skular har prøvd men det fungera ikkje, andre har ikkje tilbodet.

- Andre saker det er interessant å arbeida vidare med er:**

### **Linjer ved dei vidaregåande skulane i Hardanger og Voss**

- Det er ikkje bra at ein del skular kun tilbyr vg1 i enkelte fag, dvs dei må byta skule for vg2.

Hardanger, Voss og Kvinnherad har i dag eit felles rekrutteringsprosjekt. Dei vil me invitera til neste rådmøte.

Tilbuet i lokal vgs påverkar rekruttering. Kva har dette å bety for framtida i Hardanger?

Me har kompetanseforum Hardanger Voss, som også skal mælda tilbake til fylket kva behov ein ser for neste år og framover. I dette forumet sit næringsliv, rektorane på alle vgs i Hardanger og Voss, opplæringskontora, rådsordførar, næringssjefar m fl.

HU kan bli invitert inn i dette forumet.

Prosjektet som arbeider "Arbeidsstad der du vil" ønskjer også å formidla kunnskap til ungdom i regionen via rådgjeving og faget utdanningsval. Framtida vil også endra seg med tanke på kor ein bur i forhold til arbeidsplassen sin. Mange vil ikkje flytta til byen, men bu i distriktet og arbeid i byen via fjernarbeidspllassar

**Eidfjord:**

Skal ha møte neste mandag, ikkje noko nytt i dag.

**Ulvik:**

Ikkje noko nytt sidan sist. Dei arbeider fortsatt for oppgradering av fotballbanen.

Til info: Kan kontakta Bjørg Larsen i VLKF om informasjon og investeringstilskot i forbindelse med idrettsanlegg.

**Ullensvang:**

Skal ha møte i morgen.

**Kvam:**

I saka om lekesfriskule har dei no gjennomført ei undersøkjing der dei har fått tydeleg svar på at det er ønskje om å endra leksestruktur.

Frå skuleleiing får dei tilbakemelding at ikkje alle lekser skal vekk, men det vert endringar.

• **Nasjonal ungdomskonferanse i Kvam hausten 2025**

Ikkje noko nytt sidan sist, men invitasjonane er snart klare.

Alle ungdomsråda vert inviterte til Øystese 21.-23.09.2025

• **Framtidige Hardanger og Voss ungdomsrådsmøter**

Leiar spør om kor ein skal møtast, og kva tidspunkt på dagen.

Svar: Rådet vil helst ha fysiske møter, og veksle mellom heildagsmøter og kortare på ettermiddag.

Neste møte skal vera i Granvin tidleg i juni 2025, med avslutning.

Eidfjord 23.04.2025

Alexander Nitter  
Leiar Hardanger og Voss ungdomsråd

Trude Lægreid Rinaldo, Leiar  
Sekretær